



Ål kommune

Dato
27.02.2025

Referat frå informasjonsmøte om Sikringstiltak i Hellinggrove, Stavegrove den 25.02.25

Møtet blei heldt på Ål kulturhus i salen Sprang den 25.02.25 frå kl. 17.00. Frå Ål kommune stilte, Jørund Li (Varaordførar), Karsten Popp Dideriksen (Rådmann), Svein Furuhaug (Avdelingsleiar Utviklingsavdelinga og VAR), Betina M. Gullhagen (Prosjektleiar), i tillegg stilte Magnus Skrindo frå Asplan Viak.

Jørund ynskja velkommen te møte og alle som er nemnt over blei presentert i tillegg til at han presenterte kveldens agenda.

- Prosjektet og tiltaka som skal gjennomførast
- Saksframlegget som blei vedtatt av Kommunestyret 20.02.25.

Betina Gullhagen er utdanna landskapsingeniør og blei tilsett som prosjektleiar for sikringstiltak etter Hans i kommunen etter nyttår og har ansvar for dette og fleire kommande prosjekt.

Betina presenterte prosjektet (Hellinggrove, Stavegrove) og framdrifta. Det er planlagt oppstart i mars/april og entreprenør skal begynne nedst i bekkeløpa. Det er også planlagt at det skal jobbast med begge bekkeløpa samtidig. Det vil bli varsla i god tid før arbeida skal begynne. Det vil bli behov for stengte vegar i deler av prosjektet. Dersom alt går etter planen skal det ikkje være behov for at vegane er stengt i meir enn ein dag om gangen. Det vil bli varsla i god tid før ein veg skal stengast slik at ein har moglegheit te å flytte bilen på utsida av

sperringa. Det er grunneigar sjølv som må finne alternativ parkering, kommunen foreslår skoletoppen som ei midlertidig parkering. Det vil bli utarbeida ei løysing for dersom det skulle bli behov for utrykkingskøyretøy å komme te i området når vegen er stengt.

Kommunen har fått beskjed om og veit om at det er enkelte trær som er ønskje om å ta vare på. Kommunen skal gjera det dei kan for å hindre at arbeida i bekken kjem i konflikt med desse trea. Buskerud fylkeskommune har også pålagt kommunen å ta vare på så mykje vegetasjon som mogeleg. Kommunen kan likevel ikkje love at trea ikkje kjem i konflikt med tiltaket. I tilfelle må dei fellast.

Frå inntaket i svingen i Leksvollvegen er det planlagt å flytte bekkeløpet noko vestover ut på eit jorde og der vil bekken fylje ein steingard. Steingarden skal ikkje rørast.

Videre presenterte Magnus Skrindo frå Asplan Viak ein powerpoint som grovt viser kva ein kan forvente av dei ulike tiltaka. Ein kan finne denne powerpointen på Ål kommune sine heimesider.

Spørsmål: Er det ingen hus som blir påverka?

Svar: Det er blitt flytta eit stabbur tidlegare. Vi veit at det er eit stabbur te og ein garasje som må flyttast. Det er tre andre mindre hus/stabbur som kanskje må flyttast.

Svein Furuhaug presenterte så saksframlegget som ble vedteke av kommunestyret den 20.02.25. Saksframlegget kan ein finne på Ål kommune si heimeside. Det er blitt søkt til NVE om 80% dekking av kostnadane som omhandlar bekkeløpa, det er seinare blitt forespeila at dei kjem te å dekke 90% av kostnadane. Dette er ikkje avklart pr. dags dato. De resterande 20%/10% skal dekkast av grunneigarane i området, dette er privatpersonar, Bruse, HKN (FØIE), Telenor, Buskerud Fylkeskommune (eig veg) og Ål kommune (eig vegar). I saksframlegget presenterast kostnadsfordelinga.

Ål kommune kan med heimel i Naturskadeloven paragraf 24, første setning i første ledd krevje at grunneigarane betaler ein refusjon for kostnadar i samband med sikringstiltaka.

Spørsmål: Kva med dei 56 millionane som Ål kommune har fått. Kan ikkje dei brukast te å betale denne eigenandel for innbyggjarane?

Svar: Ål kommune har fått 110 millionar i skjønnsmidlar, vi har fått midlar i to omgangar.

Desse pengane er øyremerkta til dei formåla som det er søkt om. Det er reparasjon av kommunal infrastruktur som vart øydelagt under «Hans» disse midlane skal nyttast til. Med kommunal infrastruktur meinast vegar, bruer, stikkrenner og noko avløpsleidningar. Det skal dokumenterast at pengane har gått til dette formålet og pengane kan ikkje brukast på noko anna.

Spørsmål: Det var stilt spørsmål om korleis kommuna ikkje kan betale innbyggjaranes eigenandel men likevel kan kjøpe bygningar for 28 millionar, ref saka i Hallingdølen 24.02.25.

Svar: Kommuna har kjøpt desse bygningane for å sikre at kommunal utvikling blir gjort så billig som mogeleg i framtidige prosjekt.

Spørsmål: Det var fleire som meinte at det var urettferdig at dei skulle betale meir enn andre i kommunen.

Svar: Ål kommune viser til at det er mange sikringstiltak som skal byggast i dei komande åra og det har vore informert heile vegen at grunneigarane må ta sin del av kostnadane. Kor stor denne delen blir må vurderast i kvar sak. Der kostnadane er stor må også grunneigar rekne med å betale meir. Det er politikarane som bestemmer kor stor grunneigar sin del skal vere.

Med helsing

Betina Mariannedotter Gullhagen

Prosjektleder